



Søknad om redusert foreldrebetaling i barnehage og ev. gratis kjernetid jf. Forskrift om foreldrebetaling i barnehage §3

Nasjonal ordning for reduksjon av foreldrebetaling gjeld frå 1. mai 2015.

Inga husholdning skal betala meir enn 6 prosent av inntekta si for ein barnehageplass.

Frå 1. august 2020 har alle 2-, 3-, 4- og 5-åringar, og barn med utsett skulestart, som bur i familiar eller hushaldningar med samla inntekt på mindre enn 598 825, rett til å få 20 timar gratis opphaldstid i barnehagen pr.veke.

Opplysningar om barnet	
Barnet sitt namn	
Fødselsdato	
Barnehage	
Søknaden gjeld for barnehageåret	
Namn og fødselsdato på søsken med plass i barnehage	
Namn på barn med rett til gratis kjernetid (2-, 3-, 4- og 5-åringar)	

Føresette i hushaldninga	
Foreldrebetalinga skal reknast ut frå hushaldninga si samla skattepliktige kapital- og personinntekt. Ei hushaldning vert definert som ektefelle, registrerte partnerar og sambuarar	
Namn	
Namn	

Hushaldninga sine samla skattepliktige kapital- og personinntekter
Jfr. Sjølvmelding punkt 2.1 og 3.1

Kopi av siste års sjølvmelding skal liggja ved søknaden for at den skal bli handsama. Manglar du sjølvmelding? Ta kontakt for å avtala krav til gyldig dokumentasjon av inntekt.

Underskrift (føresett)		
Stad	Dato	Føresette si underskrift

Søknaden med vedlegg skal sendast til Kvam herad, Grovagjelet 16, 5600 Norheimsund

Redusert foreldrebetaling i barnehage og ev. gratis kjernetid jf. Forskrift om foreldrebetaling i barnehage §3 - ny nasjonal ordning

Frå 1. mai 2015 skal inga hushaldning betala meir enn 6 prosent av inntekta si for ein barnehageplass. Foreldrebetalinga er også avgrensa av maksimalprisen, som frå 1. august 2022 er kr. 3 050,- pr. måned.

Frå 1. august 2020 har alle 2-, 3-, 4- og-5 åringar, og barn med utsett skulestart, som bur i familiar eller hushaldningar med samla inntekt på mindre enn 598 825, rett til å få 20 timar gratis opphaldstid i barnehagen pr.veke.

1. Det vert gitt søskenmoderasjon på 30% i foreldrebetaling for 2. barn og 50% for 3. barn eller fleire.
2. Hushaldningar vert definert som ektefeller, registrerte partnerar og sambuarar. Inn under denne ordninga kjem ektepar/sambuarar, forsørgjarar med delt omsorg og einsleg forsørgjar.
3. Den samla inntekta til hushaldninga er utgangspunkt for redusert foreldrebetaling. Foreldrebetalinga vert rekna ut frå husholdninga si samla skattepliktige kapital- og personinntekt. Sjølvmelding frå førre år vert brukt som dokumentasjon. Manglande sjølvmelding f.eks som fylgje av kort butid i landet, kan erstattast med anna dokumentasjon som lønsslipp eller liknande.
Dersom den samla inntekta til hushaldninga er vesentleg og varig avvikande frå sjølvmeldinga frå føregåande år, kan sjølvmeldinga erstattast med anna dokumentasjon som lønsslipp eller liknande.
4. Søknad og sjølvmelding frå førre år skal sendast til Kvam herad, Grovagjelet 16, 5600 Norheimsund.
5. Vedtaket gjeld for eitt barnehageår. Etter 1 år må det søkjast på ny med ny dokumentasjon.
6. Alle hushaldningar som får endra sin økonomiske situasjon eller sivile status, plikter å opplysa om dette.

Meir informasjon om denne ordninga er å finna på:

<https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/barnehage/foreldrebetaling/>